

UNIVERSITETET I BERGEN  
Institutt for Sammenliknende Politikk



Hausten 2013

SAMPOL 113 – Praksis i sammenliknende politikk

Fagevaluering

Av Dina-Kristin T. Midtlø

Universitetslektor/Emneansvarlig

## Om emnet

SAMPOL 113 – *Praksis i samanliknande politikk* starta opp som eit pilotprosjekt ved Institutt for samanliknande politikk (ISP) våren 2008. Bakgrunnen var eit ønske om å redusera avstanden mellom universitet og arbeidsliv, samt å styrka profilen til grunnutdanninga som ei sjølvstendig, kompetansegivande utdanning. Tiltaket har vore etterspurt av både studentar og arbeidsliv. Haustsemesteret 2011 vart det starta eit prøveprosjekt kor studentar frå institutt for samfunnsøkonomi òg kunne ta praksisfaget via emnet Econ281. Hausten 2013 var det ein eigen emneansvarleg for Econ281, som tok seg av den faglege oppfølginga av dei studentane som tok Econ281, og det er berre det administrative ansvaret for desse studentane som har låge under emneansvarleg i Sampol 113.

Gjennom praksisutplasseringa skal studentane sjå den faglige kompetansen samanliknande politikk gjev i høve til aktuelle samfunnsaktørar og arbeidsgivarar. Gjennom observasjon, samhandling, rettleiing og praktisk utøving skal studentane få moglegheita til å bli meir bevisste på si eiga yrkesrolle og yrkesmoglegheiter.

Studentane skal skrive ein praksisrapporten bestående av to delar. Samla skal den vere på minimum 4500 ord og maksimum 6500 ord. I den første delen skal bedrifta og arbeidsoppgåvene presenterast. Denne delen skal òg innehalde ei drøfting av deira kompetanse før og etter opphaldet, og til slutt ei oppsummering av heile opphaldet. Del to skal bestå av ein større utredelses- eller analyserapport som blir bestemt av bedrifta og utført for bedrifta.

Hausten 2013 var 13 studentar utplassert i følgjande bedrifter: Bergen Næringsråd, FN Sambandet Vest, Maritimt Forum, NAV Hordaland, Skatt Vest, Fiskeriforum Vest, Sparebanken Vest, Vest-Norges Brusselkontor (VNB) og Business Region Bergen. Praktikanten hjå Vest-Norges Brusselkontor søkte om og fekk innvilga å få ta praktikantopphaldet som Sampol114 – Praksis i utlandet, fordelinga vart då slik: elleve Sampol113-studentar, ein Econ281-student og ein Sampol114-student.

Hausten 2013 vart det halde to felles undervisningstimar, eit møte på kvar arbeidsplass og ei individuell rettleiing per student. Emneansvarleg var på bedriftsbesøk i løpet av september (veke 37-39). I løpet av semesteret leverte studentane inn to utkast av praksisrapporten på Kark, samt opponerte på andre studentar sine oppgåver. Opponering på praksisrapportar er eit obligatorisk krav. Det blei gitt ein individuell rettleiingstime etter innlevering av fyrsteutkast på praksisrapporten. Emneansvarleg i sampol113 tok seg av alle bedriftsbesøka (inkludert for

Econ281-studentar), mens individuell rettleiing på praksisrapporten blei gitt av emneansvarleg i Econ281 for Econ281-studentane.

Vurderingsforma for faget er godkjent/ikkje godkjent og baserer seg på ein heilskapsvurdering av praksisrapporten og den munnlege eksamen der praksisrapporten vert presentert. Alle kandidatane leverte inn ein praksisrapport til eksamensvurdering og [OPPMØTE MUNLEG EKSAMEN].

## **Om evalueringa**

Evalueringa tek utgangspunkt i emneansvarleg si vurdering av undervisninga og vurderingsforma, samt ei studentevaluering. Studentevalueringa<sup>1</sup> vart delt ut til dei studentane som møtte på fellesrettleiinga etter andre utkast på praksisrapporten, samt gjort tilgjengeleg elektronisk på MiSide. Bedriftene fekk ikkje tilsendt evalueringsskjema, men emneansvarleg har hatt jamnleg kontakt med bedriftene i løpet av semesteret. Denne kontakta gjer at emneansvarleg får nødvendige tilbakemeldinga frå bedriftene. Evalueringa tek først for seg emneansvarleg si vurdering av undervisnings- og vurderingsform. Etter emneansvarleg si vurdering vil studentevalueringa analyserast, og til slutt vil det diskuterast korleis evalueringa skal følgjast opp.

## **Emneansvarleg si vurdering**

Sampol113 har dette semesteret blitt tilbode for tolvte gong. Med 13 studentar utplasserte, var det dette semesteret færre studentar som tok sampol113 og Econ281 enn det var på vårsemesteret. Bedriftsmassen har luge stabil på rundt 10 bedrifter dei siste semestra. Alle bedriftene som var med i haust vil vere med til våren, i tillegg har vi fått med nokre som har vore med tidlegare og ei heilt ny bedrift. Det vil sei at det til våren er 13 (14) bedrifter som vil ta i mot praktikantar. Emneansvarlig for våren tilrådde i si evaluering at det ikkje er fleire studentar enn 20 pr. semester ut av omsyn til kvaliteten på oppfølginga frå emneansvarleg. Vi forventar ein studentmasse på 15-20 studentar til neste semester også, sjølv om ein i haust har sett ei auking i studentar som søker praksisplass.<sup>2</sup> Dette både av omsyn til oppfølging frå emneansvarleg og av omsyn til tal på plassar tilgjengeleg.

Dette semesteret har det vore eit undervisningsmøte meir enn det det var på vårparten. Det første undervisningsmøtet var eit felles informasjonsmøte for praksisstudentane som vart halde i

---

<sup>1</sup>Sjå vedlegg 1.

<sup>2</sup>For våren 2014 er søkarmassa større enn tidlegare, men dette skuldast i stor grad at det er fleire Econ-studentar som har søkt enn tidlegare. Søkartala på Sampol113 ligg som før på omlag 20 søkarar.

byrjinga av semesteret, omkring tidspunktet for oppstart i bedriftene (august). På dette møtet fekk studentane informasjon om det praktiske rundt utplasseringa (opplegg på arbeidsplassen, kva type arbeidsoppgåver ein kan vente seg, og kva som er forventa av student og bedrift), kva krav som er stilt til praksisrapporten (formkrav, innhald, innleveringar og opponering) og munnleg eksamen. I tillegg blei det delt ut kontrakt som student, bedrift og instituttet signerer og får kvar sitt eksemplar av. [VURDERING]

Det andre undervisningsmøtet var i form av bedriftsbesøk i alle praksisbedriftene i veke 37-39 i september. Dette møtet er lagt opp slik at emneansvarleg fyrst snakkar med student og mentor i bedrifta i fellesskap, for så å ha individuelle samtalar med både student og mentor. På desse møta blei både faglege krav og meir praktisk spørsmål tatt opp. Individuelle samtalar med både student og mentor gir ei moglegheit til å ta opp problem og ueinigheiter/misforståingar på eit tidleg tidspunkt. Det meste av samtalen handla om arbeidsoppgåver og praksisrapporten, samt arbeidsmiljø/trivsel. Det blei satt som mål at studentane skal ha klart minimum eit tema og/eller ei problemstilling til praksisrapporten til dette møtet, og fleirtalet av studentane hadde meir enn det. I evalueringa i vår vert det peika på viktigheita av eit bedriftsmøte tidleg i semesteret, dette for å løyse opp i eventuelle kommunikasjonsproblem og sikre seg at både bedrifta og studentane veit kva som er venta av dei. Hausten 2013 var det ingen nye bedrifter med, og både studentar og bedrifta var innforstått med ordninga. Eg vil likevel hevde at det er viktig at bedriftsmøtet skjer tidleg i semesteret, det gir ein lav terskel for studentane å stille spørsmål dei lurar på, ein slepp at ein eller begge partar «brenn inne» med spørsmål, og ein kan løyse eventuelle problem på eit tidleg tidspunkt. I tillegg gir det ei moglegheit for å sikre at arbeidet med praksisrapporten kjem i gang tidleg i semesteret.

Det tredje undervisningsmøtet fann stad i oktober, etter at studentane hadde levert inn det fyrste utkastet av praksisrapporten. Her hadde emneansvarleg individuelle rettleiingar på studentane sine praksisrapportar. For studenten utplassert i Brussel blei både «bedriftsbesøket» og den individuelle tilbakemeldinga gjennomført via Skype. Den individuelle rettleiinga blei lagt tidlegare enn i vårsemesteret, då emneansvarleg for våren 2013 tilrådde det i si evaluering. Då den individuelle rettleiinga kom sopass tidleg i semesteret vart det bestemt at studentane skulle få ei felles rettleiing, denne vart lagt til november etter andre utkast på praksisrapporten. På det felles rettleiingsmøtet vart det lagt opp til at studentane kunne kome med spørsmål og innspel, i tillegg til at emneansvarleg for Sampol113 og emneansvarleg for Econ281 ga generelle tilbakemeldingar og tips. [Vurdering]

Vurderingsforma i sampol113 er bestått/ikkje bestått, og vurderinga blir gjort på bakgrunn av

praksisrapporten og ein munnleg eksamen. Eksamenskommissjonen består av emneansvarleg og ein professor frå instituttet (i Econ281 er det emneansvarleg for Sampol113 og emneansvarleg for Econ281). Alle dei obligatoriske krava (innlevering av utkast på Kark, opponering på medstudentar sine praksisrapportar, samt å fylgje kontrakt dei har med bedrifta og ISP) må vere oppfylt for at studentane kan gå opp til munnleg eksamen. [NB. Munnleg eksamen ikkje gjennomført per d.d]

Sampol113 er eit utradisjonelt sampol-fag, og treng gjerne litt ekstra promotering. Dette skjer via meldingar på MiSide, e-postar til studentar, heimesida til faget (på instituttet si heimeside), informasjon på førelendingar og via eit informasjonsmøte på slutten av semesteret der studentar frå det inneverande kullet presenterer si bedrift og sitt opphald. Det må vurderast som viktig å halde nettsida til faget oppdatert med informasjon om bedriftene som er med, slik det lett kan finnast av studentar som ynskjer å søke praksisplass.

### **Studentevaluering av faget**

Evalueringsskjemaet som blei levert ut til studentane på fellesrettleiinga etter innlevering av andreutkast, samt gjort tilgjengeleg på MiSide, innehaldt fleire spørsmål om deira oppfatning av faget. 9 av 13 studentar har svara på evalueringa, dette utgjer ein svarprosent på 69,2 prosent. Alt i alt ser det ut til at studentane er godt nøgde med faget. På spørsmålet «Generelt sett, kor nøgd er du med praksisfaget?» svara 6 at dei er «ganske nøgde», medan 3 svara at dei er «sær s nøgde».

Studentane gjev vidare inntrykk av at dei er godt nøgde med den praktiske informasjonen om faget (fristar, undervisningsopplegg osv.), her svara 8 studentar at dei er sær s nøgde, medan ein student er ganske nøgd. På spørsmålet om innspel/forslag til forbetringar med omsyn til den praktisk informasjonen om kurset har berre 5 studentar svara. To av desse vil gjerne ha hatt to individuelle rettleiingar på praksisrapporten, ein skriv at all informasjon er tydeleg, ein etterlyser meir oppdatert informasjon på nettsidene, og den siste kommentaren går på arbeidsmengda i faget og eit ynskje om at det kunne ha vore 30 studiepoeng (heller enn 20 som er no).

6 av 9 studentar meiner at arbeidsmengda har vore høveleg, medan 3 av 9 studentar meiner at arbeidsmengda med kurset har vore for stor. 7 av 9 meiner arbeidsmengda med praksisrapporten i forhold til resten av praksisen var høveleg, medan ein student meiner det var for lite arbeid og ein meiner det var for mykje arbeid. Dette kan ha samanheng med at studentane har fått ulik mengde arbeid hjå dei ulike bedriftene, og at praksisrapporten har ulik rolle i bedriftene.

### **Samarbeid med emneansvarleg og rettleiing**

Eit godt samarbeid mellom studentar og emneansvarleg er sjølvstendig viktig i eit fag med såpass mykje kontakt med emneansvarleg både med tanke på studentar og bedrifter. Utifrå studentevalueringa ser det ut som om studentane tykkjer samarbeidet har gått bra. På spørsmålet om kor nøgd studentane er med rettleiinga på kurset har 6 studentar svara «særs nøgd», ein er «ganske nøgd» og to studentar har valt det midtre alternativet «verken eller». På spørsmålet «Korleis var samarbeidet mellom emneansvarleg og studentane?» har 6 studentar svara «særs bra», medan 3 studentar har svara «bra».

Dette semesteret vart det lagt til eit spørsmål som tok før seg mengda rettleiingar; «Kor nøgd er du med mengda av rettleiing frå emneansvarleg på kurset?». Den individuelle rettleiinga på praksisrapportane vart flytta til etter fyrsteutkast dette semesteret, og det er greitt å få eit innblikk i studentane sine meiningar om mengda rettleiingar. På dette spørsmålet svara 7 studentar at det var «høveleg» mengd med rettleiing, medan to studentar svara at det var for lite rettleiing/oppfølging.

I tillegg er det eit spørsmål der studenten kan skrive ein kommentar med omsyn til kontakta med emneansvarleg og rettleiinga, her har seks respondentar svara. Fire av desse er positive, ein skriv at det hadde vore ynskjeleg med fleire individuelle rettleiingar, men avslutta med at om det var noko fekk studenten svar på e-post, medan ein skriv at han/ho fekk lite ut av fellesrettleiinga.

### **Oppfatningar av bedriftene**

På spørsmålet «Generelt sett, kor nøgd er du med praksisbedrifta?» svara fire at dei er særs nøgde, medan fem svara at dei er ganske nøgde. Alt i alt er studentane med andre ord generelt nøgde med praksisbedrifta. Tilrettelegging for praksisopphaldet (det vil sei kontorpult, pc ol.) er 5 av 9 særs nøgde med, 3 er ganske nøgde, medan ein har svara «verken eller». 6 av 9 svara at dei fekk ein presentasjon av bedrifta då dei byrja.

5 av 9 respondentar er ganske nøgde med oppfølginga frå praksisbedrifta, 3 av 9 respondentar er særs nøgde, medan ein har svara «verken eller». Spørsmålet om kor ofte studentane hadde møte med mentor i bedrifta gjev moglegheit til å sjølv skrive svaret, her har alle respondentar svara og sju respondentar svara at dei hadde møter med mentor på vekentleg basis eller oftare. Ein student skriv at han/ho såg mentor kvar gong studenten var på kontoret, men at dei berre hadde ein eller to samtaler på tomannshand. Ein annan skriv at dei treftes jamnleg, men at dei ikkje hadde så mange konkrete møte knytt til studentens opphald.

Alle respondentar oppgir at det er eit godt arbeidsmiljø i bedrifta, men ein respondent svarer at

han/ho er usikker («veit ikkje») på spørsmålet om studenten kjende seg inkludert i arbeidsmiljøet. Dei resterande 8 respondentane oppga at dei kjende seg inkluderte i arbeidsmiljøet. 4 av 9 respondentar kan tenke seg å arbeide i praksisbedrifta etter enda praksis, tre studentar er usikre, medan to studentar kunne ikkje tenke seg dette.

### **Arbeidsoppgåver og utbytte av praksisfaget**

Ein respondent er særst nøgd med arbeidsoppgåvene i praksisbedrifta, fem har svara at dei er ganske nøgde, medan tre respondentar har svara «verken eller». Eit av måla då Sampol113 starta opp var å gjer både bedrifter og studentane sjølv oppmerksame på den kompetansen studentane innehar, og spørsmålet om i kva grad arbeidsoppgåvene var relevante for studenten sin faglege bakgrunn er i så måte interessant. Her har 5 svara at arbeidsoppgåvene var relevante i tilstrekkelig grad, 3 har svara «i stor grad», og ein student har svara «i særst stor grad». Vidare svara fem respondentar at dei i nokså stor grad følte dei var kompetente til arbeidsoppgåvene dei fekk i praksisbedrifta, medan to har svara at dei i stor grad var kompetente og to har svara «verken eller». På spørsmål om i kva grad studenten har utvikla si faglege kompetanse svara fire respondentar «i nokså stor grad», fire svara «verken eller» og ein svara «i stor grad». Svara er noko annleis fordelte når det gjeld utviklinga av den «generelle» kompetansen, her har fem respondentar svart at dei har utvikla den generelle kompetansen i nokså stor grad, tre studentar svara «i stor grad», medan ein svara «verken eller».

På spørsmålet om kor stort læringsutbytte studentane har hatt av praksisen har 6 av 9 respondentar svara at dei hadde nokså stort utbytte, medan tre studentar har svara at dei hadde stort utbytte. 6 studentar svara at praksisen i nokså stor grad har bidrege til å sjå den faglege kompetansen samanliknande politikk/samfunnsøkonomi gjev i forhold til aktuelle samfunnsaktørar og arbeidsgivarar, medan tre meiner at praksisen har bidrege i stor grad. Vidare svara fem respondentar at praksisopphaldet i stor grad har bidrege til at dei har vorte meir medviten på si eiga yrkesrolle og framtidige yrkesmoglegheiter.

Alle respondentar vil anbefale instituttet å halde fram med praksis i bedrifta, og alle vil anbefale praksis til andre studentar.

[Generell utfyllande kommentarar]

### **Tilbakemeldingar frå bedriftene**

Det vert ikkje delt ut eige evalueringsskjema til bedriftene som er med, men emneansvarleg har gjevnlig kontakt med dei bedriftene som er med, både via bedriftsbesøket og generell kontakt

gjennom semesteret. Tilbakemeldingar frå bedriftene tyder på at dei er godt nøgde med praksisfaget. Alle bedriftene som var med i haust vil vere med til våren, i tillegg har vi fått med tre (fire) bedrifter som ikkje var med i haustsemesteret. To av desse bedriftene har tidlegare hatt praksisstudent, den tredje kontakta oss då dei hadde høyrte om praksisfaget via ei anna praksisbedrift. At interesserte bedrifter sjølv tek kontakt med instituttet kan vere eit teikn på at bedriftene set pris på ordninga.

Dette semesteret var ein student utplassert i hos Vest-Norges Brusselkontor (VNB) i Brussel i Belgia. Det er fjerde semester studentar er utplassert der. Som nemnd tidlegare blei «bedriftsbesøket» tatt via Skype med VNB, i tillegg hadde emneansvarleg eit møte med mentor/kontaktperson hjå VNB i løp av haustsemesteret. Ved dette møtet blei det nemnd at VNB vurderer moglegheita for å sjølv ta seg av rekrutteringa av studentar, dette er vanleg hjå dei andre regionskontora. Både VNB og ISP tykkjer samarbeidet har gått bra, og vi kjem til å utplassere studentar hjå dei til våren, og håper sjølvstags at dei vil vere med også i framtida.

### **Korleis skal evalueringa følgjast opp?**

Alt i alt gjev studentane inntrykk av at dei er godt nøgde med praksisfaget, det same kan seiast om bedriftene.

Det kjem fram i evalueringa at studentane gjerne vil ha meir oppfølging på praksisrapporten. Nærare bestemt vert det ytra ønske om å legge ei individuell rettleiing til etter andre utkast av praksisrapporten. Berre to av ni svarte at det var for lite rettleiing/oppfølging, men ein må i tillegg sjå på at det er nokre kommentarar på akkurat dette. Å legge den individuelle rettleiinga etter andreutkastet har vore gjort tidlegare, men det har oppstått problem med omsyn til at det er nært innpå endeleg innlevering og at problem ved rapportane då vert oppdaga seint.

Emneansvarleg er einig i at det gjerne skulle ha vore mogleg å gje individuelle rettleiingar etter andre utkast på praksisrapporten, men ser at det er vanskelig med tanke på at det kjem so tett opp til endelig innlevering av rapporten. Ei mogleg løysing er å behalde den individuelle rettleiinga mellom fyrste og andre innlevering av rapporten, men i tillegg gje kvar student ei kort skrifteleg tilbakemelding på fellesrettleiing etter andreutkastet.

Noko av det emneansvarleg for våren 2013 peika på i si evaluering er at det var rom for forbetring med omsyn til Econ281 og samarbeidet med Institutt for samfunnsøkonomi. Dette semesteret har emneansvarleg for Econ281 tatt seg av rettleiing på praksisrapporten for Econ281-studentar, men det kan framleis vere rom for forbetring. Talet på Econ281-studentar har vore låvt dette semesteret,



og at emneansvarleg i Sampol113 har tatt seg av bedriftsbesøk og fellesmøter har ikkje vore eit problem. Det ein bør vere obs på er at søkartalet til Econ281 til våren 2014 no utgjer ein tredjedel av søkarmassen. Det vil med andre ord vere fleire samfunnsøkonomistudentar, og det vil difor kanskje vere eit større behov for å halde dei to faga meir skilt enn det dei er no.

Ein av kommentarane på administrasjonen av kurset gjekk på at nettsidene kunne ha vore meir oppdaterte. Dette er noko emneansvarleg jobba ein del med i tida før søknadsfrist til våren, og nettsidene skal no vere oppdatert med alle bedrifter vi har med til våren, informasjon om fristar og liknande. Som nemnd tidlegare i rapporten må faget promoterst meir enn «vanlige» fag instituttet tilbyr, og av den grunn er det viktig at nettsidene er oppdaterte. Dette er noko det er greitt å vere oppmerksom på. Informasjon om faglege krav ligg i emnebeskrivelsen som hjå andre emne på universitetet.

Dei siste åra har endeleg innlevering av praksisrapport vore lagt til ein fredag. Det kan vere greitt å vere oppmerksom på at dette kanskje bør unngåas i framtida. Det kan bli knapp tid mellom innlevering fredag og munnleg eksamen onsdag og torsdag. Eit forslag er å heller legge innleveringa til ein onsdag eller ein torsdag, med munnleg eksamen ei veke etter.